

Poesikonsert i ei ombygd løe på Rangøya

□ TIDENS KRAV 20.03.2013 Side 22 - Seksjon: KULTUR - Del: 1

AVERØY kultur kafé og Velforeninga Havglimt går saman om å arrangere poesikonsert på Rangøya laurdag.

Dette er eit ganske spesielt arrangement, eit samarbeid mellom folk som knapt har møtt kvarandre, som har blitt til ved gjensidig inspirasjon over nettet, og som med eitt materialiserer seg i eit konkret arrangement med bidrag frå Oslo og Bergen i ei ombygd løe på ein utpost på Averøya.

Med som arrangørar er Averøy Kultur kafé ved Merete Bratsberg Aae og Line Kristiansen Cancino og Velforeninga Havglimt, som bruker lokalet som grendahus for Rangøy-området.

Det er unge poetar med nye dikt til ny musikk som deltek. «I alt, dette eine» er ein heilskap av impulsar frå ei gruppe som har oppstått spontant med røter i Diktammeret (db.no/dikt). Dei tre hovudbidragsytarane, Simen Kjærdsdalen, Øyvind Rangøy og Cecilie C. Østreng, har alle utvikla poetiske uttrykk som har fått merksemd gjennom kåring til «Månadens poet» av ein jury leidd av Helge Torvund.

Programmet er sett saman av Simen Kjærdsdalen, som òg er ansvarleg for musikken.

© Tidens Krav



Les også

- [Ei ekte bygdegolfbane](#)
Bergens Tidende - 18.07.1998
- [Kulturmøter i poesikonsert](#)
Bladet Tromsø - 10.04.2008
- [Poesikonsert](#)
Avisa Nordland - 06.03.2013

[Vis flere](#)